



Promenaden Eiendom AS  
Kvernhusmyrene 7  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1480 - 15/19447

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
18.05.2015

## Pålegg om installering av fett utskiljar ved Jumjum i Promenaden, gbnr 188/534

Lindås kommune ved Teknisk drift VA har, per dags dato, ikkje motteke melding om at det er installert fettutskiljar ved snackbar/hamburgerbar Jumjum lokalisert i Promenaden, Knarvik senter. Teknisk drift, VA, har tidlegare vore i dialog med eigar av Jumjum per e-post og telefon. Teknisk drift, VA, fikk den 15 mai 2014 melding om at eigar av Jumjum skulle ta kontakt med huseigar om installering utskiljaranlegg. Teknisk drift, VA, har ikkje hørt meir om saka etter e-post av 15. mai 2014.

Vi gjer merksam på at det i Lindås kommune er krav om fettutskiljar ved alle restaurantar, snackbarer, hamburgerbarer, kantiner, ferskvaredisker osv.

Vi ber Dykk nå sørgje for det ved Jumjum vert installert fettutskiljar. Anleggets størrelse vil avhenge av produksjonen ved verksemda. Før installering av anlegg skal størrelse godkjennast av Teknisk drift, VA. Det må derfor sendast inn berekningsgrunnlag for val av utskiljarstørrelse. Vi gjer merksam på at Lindås kommune, i forskrift, har bestemt at minste tillate størrelse på utskiljaranlegg er NS4.

Teknisk drift VA sett nå ei frist for installering av utskiljaranlegg.  
Frist vert sett til : **1. september 2015.**

Etter dette kan Teknisk drift VA ilegga eiedommen tilleggsgebyr dersom pålegg ikkje vert etterkome, jf forskrift for fettutskiljar Lindås kommune punkt 9.2 der det heiter:

*Ved brot på Sanitærreglementet med tilhøyrande forskrifter og normer kan Lindås kommune, Avdeling for vatn og avløp stenga eiedomens vasstilførsel og halda den stengt til forholdet er retta. Med heimel i Forskrifter for vatn og avløpsgebyrer kan Lindås kommune, Avdeling for vatn og avløp ilegga eiedomen 100 % tillegg i avløpsgebyr dersom den gebyrpliktige unnlater å etterkomme pålegg om utbetring av manglar på avløpsanlegg eller sanitær- utstyr som medfører auke belastning på leidningar og reinseanlegg. Gebyret løper inntil pålegget er etterkome.*

Det med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå



Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga, at Teknisk drift VA krev installering av fettutskiljar ved Jum Jum i Promenaden. Fettutskiljar skal tilknyttast spillvassleidnings slik at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut. Føremålet med utskiljaren er å separere fett frå prosess- og avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og skaper problem for leidningsnettet og reinseanlegg.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar VA

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Avdelingsleiar VA

**Mottakarar:**

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrene 7 5914

ISDALSTØ